

# BOKN BYGDABLAÐ


NR. 8 OKTOBER 1990 ÅRG. 5

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## TERMINALBYGG PÅ ARSVÅGEN

Statens Vegvesen har søkt Bokn bygningsråd om byggjeløyve for terminalbygg ved Arsvågen ferjeleie. I møte den 20.09.90 ga bygningsrådet løyve til at terminalbygget kunne oppførast. Bygget som har eit totalt bruksareal på 480 kvadratmeter er i 2 etasjer. Utanom venterom, kafeteria og

ankomsthall i 1. etasje vil det bli utstillingslokale og kontor i 2. etasje. I tillegg ynskjer Televerket å å føra opp ei kommunikasjonsmast i 10 meter høgd som ein del av bygget. Bygget er planlagd som trebygg med vanleg kledning og skifer på taket.



VEGSJEFEN I ROGALAND  
TERMINALBYGG PÅ BOKN - ARSVÅGEN

FASADE MOT NORD

Asplan Stavanger

asplan

## STADNAMN I BOKN: GRØNNESTAD

Grønnestad har helst fått namnet sitt etter fargen "grøn". Kanskje er det fargen på vatna som har gitt garden namnet?

Grønnestad blei seinast i mellomalderen delt i to gardar, den søre og den nordre. Men Søre Grønnestad er den største og truleg også den eldste garden og omfatta truleg frå gammalt begge gardane. Og det var også bare her sør det fanst overlevande etter Svartedauden.

Før Svartedauden kan det ha budd to - tri bønder i det søre tunet og ein på det nordre.. Men i seinmellomalderen forsvann alle på ein nær.

For tusen år sidan gissar me på at begge gardane høyrde til adelen. Men med tida mista adelen makt og rikdom. Såleis hamna Søre Grønnestad kanskje via arv og giftarmål i hendene til kongen. Kring 1260 åtte rogalandskongen Magnus Lagabøter garden, men gav han vidare til Apostelkyrkja i Bergen i 1275 i samband med at ho blei reist som eit særskilt kongeleg kapell. Og i slik eige var garden til midt på

1600-talet då han gjekk over til bøndene sjølv.

For nordre Grønnestad sitt vedkomande høyrde truleg denne garden til ætta til Erling Skakke inn på 1100-talet. Midt i hundreåret let kongefaren det nystarta Halsnøy Kloster ta over garden saman med Are og Våga. Og eigarane til klosteret heldt på garden til innpå 1700-talet.

Den fyrste bonden me høyrer om, heitte Ommund og budde her i 1519. Eit par år etter var han skifta ut med ein som heitte Torstein. Dette siste namnet fylgde slektene på gardane sidan og også i fylgjande hundreåret fanst Torstein'ar der. Felles for desse to fyrste, var at dei sat heller trongt i det. Og små kår var det på gardane også dei fylgjande par hundre åra.

På kvar av gardane fanst det bare 6 - 7 dekar åker. På søre Grønnestad fødde dei dessutan over vinteren 20 sauer og 11 kyr mot 28 sauer og 10 kyr på den nordre garden. Sidan det bare heldt til ein bonde på Nordre Grønnestad, må dei ha levd best der. Lat oss leggja til at kvar gard hadde si

kvern, eit viktig gode på 16- og 1700-talet.

Nordre Grønnestad blei elles ikkje busett att før kring 1640 og denne garden livberga bare ein familie til innpå

1800-talet. På Søre Grønnestad var det stort sett to familiar. Frå midten av 1700-talet kom det også til eit par husmenn, venteleg på Ådnaneset.

## TROSNVÅG

Denne garden har sjølv sagt fått namnet sitt etter Trosnavågen som var ein av dei beste sildevågane i landet. Forskarane hear ikkje vore i stand til å tyda namnet sikkert. Men det har vore gissa på at vågen fekk namnet sitt etter Ulvånå som i eldgammal tid då skal ha hett Trosna.

Jordvegen var tåleg bra og fødde stort sett familien sin vel frå mellomalderen og til innpå 1800-talet. Jamvel etter Svartedauden heldt det fram med å bu folk her. Her var det godt med kvernvatn, garden låg lagleg til sjøfiske og dei dreiv også ein del aurefiske. Då Daniel brukte garden i 1723, sat han med bekkerverner og mol nok også for andre. Dessutan åtte han to hestar, 14 kyr og 46 sauer. Daniel er

truleg far (eller bror) til Nils Danielsen Trosner som blei viden kjend som "Tordenskjolds matros" etter å ha skrive dagbok frå livet i flåten under den store nordiske krigen. Daniel var sidan eit mykje nytta mannsnamn på garden.

Fyrste mannen me høyrer om, heitte elles Tore og budde her i 1519. Han blei fylgd av Annbjørn som har vore eit mykje nytta boknanamn. Begge desse var velstående folk. Fyrst på 1500-talet var dei på Trosnavåg ikkje bare sjølveigarar, men åtte i tillegg litt jordegods elles, mellom anna i Løyning.

Midt på 1700-talet låg det to husmannsplassar under garden, men dei forsvann att før 1801.

## "FLINKE GUTAR FRÅ FØRESVIK"

- I Føresvik er det ein gute-  
klubb med namnet "Freidig". Og  
det er noko til klubb. For ei  
tid sidan stelte dei til basar  
- til inntekt for rednings-  
skøytene, som no under silde-  
fisket tar så mang ein stri  
tørn. 111 kroner fekk gutane  
inn, og pengane sende dei til  
redningssekretær Leiv Gelius,  
Torfæusgate 50, Stavanger, saman  
med dette brevet:

Hallo, hallo!

Nå har me hatt utlodning. Me  
fann programmet i Magneblad.  
Her skal du høyra kva me lodda  
ut: Fire kaker, ei gottkorg,  
fire par gryteklutar, ein ball,  
hoppetau, smykkeskrin, duk, båt,  
fruktposar, noko til å setja  
varme ting på. Me hadde til-  
stelningen på skulehuset klokka  
15 på ettermiddagen. Me hadde  
høyrespel og sang og me gjekk  
rundt juletreet.

Gutane i klubben er:

Rolf Aarsand, 11 1/2 år, Annbjørn  
Sunde, 12 år, Ståle Trosnavåg,  
12 1/2 år, Reidar Alvestad, 10  
1/2 år og Harald Alvestad som  
er formann. -

Fredag den 19. oktober blir  
det basar på Bokn bedehus, det  
nye bedehuset på Austre Bokn.  
Presten vår, Finn Bårdsen, vil  
halda andakt.

Salen oppe er no ferdig.  
Arbeidet med nytt kjøkken  
pågår for fullt. Det er  
nedlagt eit stort antal  
dugnadstimar. Men me treng  
midlar til byggjemateriale,  
kjøkkeninnreining o.s.v.

I. Are.

## Mors små hender

Av Nanna Olaussen

Mors små hender  
puslet om meg støtt  
strøk meg over håret  
silkenmykt og bløtt.

Flettet du mitt hår  
var hånden lett og snar  
Tørret du en tåre  
var hånden øm og vår.

Mors små hender  
strøk min bleke kinn  
lett var din hånd  
når du pusset nesen min.

Mors små hender  
trøstig leide meg  
streng var din hånd  
når den refset meg.

Mors små hender  
foldet til bønn  
de var andektig  
sterke og sjønn.

Mors små hender  
til den siste bønn  
visner i døden  
mottar guds lønn  
endte er dine hendes  
gjerning og verk.  
Mors små hender  
gjorde meg sterk.


# BOKN FOLKEBIBLIOTEK

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10-13.30

ONSDAG: 16-19

TORSDAG: 10-13.30



## LESETIPS FOR OKTOBER

### VAKSNE

- \* Kvanmo, Hanna:  
Dommen
- \* Nygårdshaug, Gert:  
Dødens codeks
- \* Skagen, Fredrik:  
Alte kameraden
- \* Brovold, Gabriel:  
Dronningen

### BARN OG UNGDOM

- \* Borøchstein, Ove:  
Du er jo bare tretten
- \* Senje, Sigurd:  
Krig og kjærlighet på halvøya
- \* Lind, Mecka:  
Synne Gatebarn
- \* Verdens vakreste eventyr:  
Sanger og barneleker

### BOKKAFE

"PETRA HAR BOKKAFE  
ONSDAG 17.10 OG  
ONSDAG 31.10 FRÅ  
KL. 16.00 - 19.00

### BARNETIME

VELKOMMEN TIL BARNETIME  
ONSDAG 17.10 KL. 17.00.



## FISKESKØYTENE TIL LARS ØVREBØ

- "Tordenskjold" R - 24 - B kom til Austre Bokn i 1916. Det var far min Erik og brørne mine Sevrin og Jakob som kjøpte henne -.

Dette fortel Lars Øvrebø som bygdabladet har vore på besøk hjå.- I 1925 overtok eg parten til far, så det var altså fyrste skøyta eg eigde av i alt fem -. Som dei fleste veit har Lars vore fiskar all si tid. Byrja då han var 15 år, har aldri tent ei krone på land, seier han.

- "Tordenskjold" lasta 150 hl., ho var 40 fot, og med ein 14 hk. Wickman to sylindra motor. Var den fyrste to sylindra her i Bokn. Ho blei brukt til å føra sild på. Det var mykje frå Drevsund og Åkra me kjøpte, og så førte me silda til Haugesund. Der la me oss i ein bøye, og så kom dei roande og kjøpte. Etterpå kom me inn til kaien og fekk lossa. Me var berre to som mannskap då. I 1936 fekk me oss brislingnot. I periodane mellom fisket førte me mykje kol. Det var frå Meling i Haugesund, og helst til Bokn. Kolet kosta ca. 2 - 3 kroner pr. hl. på den tida -.

Lars fortel vidare at dei selde "Tordenskjold" i 1938

til Angelstveit i Mosterhamn, og at den handelen gjekk greit for seg. Dei låg i Haugesund og lasta kol, og der låg skøyta "Irma" av Mosterhamn.

Der snakka dei litt med kvarandre, og så bytta dei skøyter. "Irma" var 44 fot og motoren 16 hk. Stabil. Den hadde og nummeret R - 24 - B, og Sevrin og Jakob hadde part i denne og.

- Me brukte driv- og botnagarn. På brislingfisket var me 6 mann, Sevrin var ikkje med då -.

Men Lars kan rekna opp mange boknarar som var med som mannskap. Bernhard V. Våge, Jakob Borgenvik og Sevrin S. Øvrebø.

- Om haustane førte me skjølsand som bøndene brukte på jorda si. Me grov mykje sand på Barsvika ved Våga og førte det til Skjold. Der var jo ingen telefon då, så me hadde ingen bestilling. Når me kom fram var det til å gå oppover og høyra om dei skulle ha sand. For full last fekk me 65 kroner. Det var eit tungt arbeid. Håven sydde me av kaffisekker. I enden var det ei klype. Ved å åpna denne for det i rommet. Og så var det

til med skuffel og stuva i rommet -.

- Eg kan minnst mong ein gong skøyta kom i Boknasundet og du såg berre i styrehuset og rekkene -, seier Serine, kona til Lars. Ho fortel at det var ikkje heilt fritt for at ho kunne vera engsteleg av og til, men ein måtte berre stola på sjømannsskapan deira.

-"Irma" hadde eg til 1947. Då overtok Sevrin og Jakob denne -, fortel Lars. -Og så kjøpte eg, Arnt Ognøy og Johannes Øvrebø skøyta "Judith" R - 68 - B. Denne kom frå Lindesnes. Ho var 45 fot, og motoren var ein 25 hk. Rubb. Skøyta lasta 450 hl.

Denne skøyta vart også brukt til sild- og brislingfiske. Etter ca. tre år overtok son min Arne parten til Johannes. Så lenge som eg budde på Austre Bokn (til 1967) låg skøyta på Øvrabøvågen når eg var heime. Der var ikkje noko godt i nordavind, så mong ei nott måtte eg springa ut på neset for å sjå.

Den tida folk kallar ferie og fritid nå til dags, bruka eg til å laga redskaper og til vedlikehald. Kjøpte buss til sildagarn og felte dei sjølv. Og så var det til å binda på

kulevisk. Kjøpte kuler og store nøster med garn hjå Kyvik. Brukte ei flaska til å binda på. Me brukte ca. 25 kuler på eitt garn. Og ein gong i året var me i Haugesund og barka nøter så lenge dei var av bomull. Dei koka det opp, så måtte me gjera resten sjølv. Hadde og ei 200 liter oljetønne heime, den låg på ein mur som me fyrte under. Så auste me det i ein robåt og barka garna sjølv. Brukte vann-tjøra og kattego.

"Judith" selde me i 1961 til Austlandet. Der skulle ho brukast til reketråling.

I 1962 kjøpte eg og Arne "Helgasol" R - 68 - B. Ho kom nordanfrå Gulen i

Sognefjorden. Det er den skøyta eg har dei beste minne etter -, seier Lars. - Den lika eg godt, var så passeleg stor. Ho var 62 fot med 120 hk. Wickman. Me var nord til Kristiansund på sildafisket med henne. Og brislingfisket var frå Trondheimsfjorden i nord til Oslofjorden i aust. Ho blei også brukt til såkalla "skittfisk" (kvitling), kasta med lys inni Yrkesfjorden. Lossa til "Polar" i Stavanger. Det gjekk til minkfor.

"Helgasol" blei seld i 1975, for austover til Oslofjorden. Nokre år tilbake såg eg henne

i fjernsynet. Då var ho svartmala og hadde seil. Sorgens å sjå, for ho var jo så blank og fin i veden. Og i 1974 kjøpte me "Rundesund" R - 33 B. Men då var det Arne som sto som redar. Ho var 71 fot, og motoren var ein 240 hk. Brunvoll. Ho blei brukt på fiske i Nordsjøen. Etter få år i 1977 trekte eg meg ut og overlet alt til Arne og sønene hans. Men, den dag i dag er eg

på sjøen så sant det er ver. Då er redskapen eit trollgarn, to ruser og pilk -.

-Det er sjøen som er livet mitt -,seier Lars.

Etter at bygdabladet har besøkt denne rolege og trauste fiskaren, tippar me at få eller kanskje ingen annan boknar har hatt så mykje sjø under beina i livet sitt?

Liv V.



"JUDITH" R - 68 - B

## BOKN FÅR FYSIOTERAPEUT

Frå midten av september tok Geir Austvik til som fysioterapeut i 1/2 stilling i Bokn. Fysioterapeuten held til i Boknatun, og utanom vanlege

behandlingsoppgåver vil fysioterapeuten seinare også driva førebyggjande arbeid i kommunen, m.a. i skulehelsetenesta.





**AKSJON MOT  
HJEMMEULYKKER**

## Forbrenningsulykker

10.000 mennesker skades årlig i  
forbrenningsulykker -

3000 er barn under 15 år.



Aksjon mot hjemmeulykker retter i disse dager søkelyset på de mange tragiske forbrenningsulykkene i Norge.

### Brannskader og skåldingsskader.

Forbrenningsulykker omfatter både brannskader og skåldingsskader og skadene er ofte tragiske og smertefulle og kan gi varige men. Det er ikke uvanlig at en skadet må innlegges på sykehus flere ganger for samme skaden, sier Aksjon mot hjemmeulykker. De alvorligste forbrennings-skadene kan føre til amputasjon og i verste fall død.

### Små barn rammes mest.

De fleste forbrennings- og skåldingsulykker rammer barn i ett- til tre-årsalderen. Da har barna lært å gå og klatre og er gjerne svært så nysgjerrig på omgivelsene. Samtidig er smerterefleksjonen lite utviklet og huden tynnere enn hos voksne.

Større barn, voksne og eldre er mer utsatt for ulykker med åpen ild og eksplosjoner.

Brennbare væsker, spesielt bensin, er ofte medvirkende årsak til disse ulykkene.

Varme væsker er den viktigste årsaken til forbrenningsulykker i alle aldersgrupper.

### En ulykke skjer ikke av seg selv.

En ulykke skjer ofte så lett - og dessverre så altfor fort. En liten ubetenksomhet og så er ulykken skjedd. Erfaringene viser at dersom vi blir litt mer årvåkne og litt flinkere til å fjerne ulykkesfellene i hjemmet vårt, reduserer vi også antall dødsfall, skader og skadeomfang.

Statistikken forteller med dystre tatt at det årlig dør over 1.000 mennesker i hjemmeulykker og at over 135.000 skades så alvorlig at de må få behandling av lege.

## HOBBYBRAKKA - KURS

Kurs i patchwork med symaskin.

Kurs i maling på kurv og tre.

Se rundskriv i posten.

Påmelding innen fredag 12. oktober.

Tlf. 74 84 03 - Solrunn Alvestad.

## UTFLYTТА BOKNAR :

Ja, jeg er en av mange som tidlig i ungdomsåra flytta heimefra, enten for å gå vidare på skole eller for å få seg arbeid.

Var rundt Stavangerkanten, hadde huspost i to år og to år i Danmark hvor jeg tok barnepleie-utdanning. Etter det ble det to år arbeid på Karmøy, samtidig som jeg ble klar over at jeg skulle gå inn i Frelssesarmeen på heltid. Jeg måtte da gå F.A.'s offiserssskole i Oslo.

Som de fleste vet, har jeg i tiden etterpå hatt ordrer til forskjellige barnehjem. Først tre år i Kristiansand, så ble det en lang reise til Tromsø. Det var interessant, men tøft for meg, ble der i 15 mnd.

Resten av mine forflytninger ramser jeg opp: fire mnd. i Trondheim, to år i Fredrikstad, ett år i Asker, to og et halvt år i Drammen, to år i Trondheim, to år i Oslo mens jeg gikk på Sosialhøgskolens barnevernlinje. Seks og et halvt år i Bergen og nå fem år i Drammen. Høres kanskje noe rotlaust ut, men jeg har hatt flere baser å støtte meg på. Frelsesarmeen er mitt åndelige hjem, uansett

hvor i landet jeg har vært, og mitt ferieparadis er Bokn, både i solskinn og regn. Det har betydd mye for meg å komme hjem til Bokn, det skjer faktisk mange ganger i løpet av et år.

Jeg kommer ofte sliten og trøtt, men reiser dit for å "lade opp batteriet", kjenne vinden blåse i ansiktet, sykle/gå en tur, enten til Føresvik eller på besøk til familie eller kjente med loddeboka, være med en tur på sjøen eller sitte hjemme i hagen for å slikke sol. Det er ting som hjelper meg til å få nye krefter.

Ellers er mitt arbeid i store trekk blitt å "gjøre noe" for de som ikke er født inn i det vi kaller for ideal-familier. Det er dessverre mange skjebner som ikke får en slik ballast med seg ut i livet som jeg fikk, som vokste opp i Bokn. Kanskje ikke alltid i de store kår, men ble lært opp til å arbeide for å klare seg og komme seg frem.

Som dere allerede har lest, har jeg reist mye, spesielt med tog og båt, og det er et spennende og variert land vi lever i.

Når jeg reiser hjem til Bokn, sitter jeg og ser på all skogen på Østlandet, venter bare på å komme så langt at de snaue fjell-knausene og sjøen kommer frem, det er noe av det fineste jeg vet. Den nye tiden innhenter også Bokn med bruforbindelse. Jeg gleder meg med utviklingen, men det tar også mye av av det avsides

preget og idyllen, så hvordan fremtiden vil bli for meg i Bokn, vet jeg ikke, men tross alt går Bokn en spennende tid i møte.

En hilsen til slutt fra Joh. 3 v.16 og 17: - Kjent av Gud og likevel elsket av Ham -. La det være vår takke sang i dag.

Gerd Alvestad

## HVA GJØR JEG I ET HUS SOM BRENNER?

Åpne ikke døra til et rom hvor det brenner.

Hvis det siver røyk gjennom dørsprekken eller en dør er varm, så la den være lukket. Da hindrer du både at det kommer mer luft til ilden, og at flammene sprer seg til rommet hvor du oppholder deg.

Hvis du ikke kan komme ut.

Gå til vinduet-eller ut på ballkongen utenfor hvis det finns en slik-og rop om hjelp.

Hold deg der hvis det ikke er mulig å klatre ned.

Hvis rommet blir fylt med røyk.

Finn et håndkle eller noe annet av tøy og legg det over ansiktet. Fukt det om mulig. Legg deg ned på golvet-røyken er tettest oppunder taket. Kryp mot vinduet slik at du kan få sluppet inn luft. Følg veggen slik at er sikker på ikke å miste retningen.

## BOKN :

### LITT AUKE I FOLKETALET

Folketalet i Bokn har auka med 5 personar frå 1.1.90 til 1.7.90. Dette syner Statistisk Sentralbyrå sitt oversyn over folketalet i kommunane pr. 1.1.90. Folketaleti Bokn pr. 1.7.90 var 743.

Dei andre små kommunane i Rogaland hadde dette folketalet pr. 1.1.90:  
Forsand: 1014  
Kvitsøy: 487  
Utsira : 221

# **SR-SENIOR KONTO GIR DEG HØY RENTE BÅDE PÅ SPARE- OG BRUKSKAPITAL. I TILLEGG TILBYR VI PRIVATØKONOMISK RÅDGIVNING OG REISEAKTIVITETER.**

## FAKTA

Penger på SR-SENIOR KONTO brukes ved hjelp av betalingskort, f.eks. Personkort, uten ekstra kostnader.

Du får månedlig kontoutskrift.

Ingen kostnader er knyttet til bruk eller uttak av penger på kontoen.

## FORDEL

Du kan ta ut penger på kontoen når du selv ønsker det.

Dermed har du kontroll med penger til daglig bruk og til sparing.

Dette gir grunnlag for best mulig renteutbytte.

## LØNNSOMME TILLEGGSTJENESTER

- Personkort
- SR-PLUSS-KLUBB

Våre kunderådgivere hjelper deg.



## INFORMASJON FRA BRANNVESENET

Fra og med 20.09.90 gjelder ny brannforskrift.

Det er da påbudt med røykvarslere og slokkingsutstyr i alle boliger (også hytte/fritidsbolig).  
Ansvaret for brannsikkerheten ligger hos eiere og brukere.

Kravene må være gjennomført senest 1.januar 1991  
Publikum som ønsker nærmere informasjon om innkjøp og montering av utstyr kan kontakte brannvesenet.

Til slutt noen huskereglene i tilfelle husbrann:


- 1.Forsøk å redde mennesker som er i fare.
- 2.Varsle brannvesenet.
- 3.Prøv å begrense brannen ved å lukke dører og vinduer og fjerne brennbart materiale.
- 4.Forsøk å slokke med slokkeapparat eller husbrannslange.

Vær oppmerksom på at røyk fra brennende møbler og innbo kan inneholde giftige gasser.Utsett deg ikke for unødig fare under forsøkene på å slokke brann.

Brann skal varsles til Bokn sjukestove - telef.748500



### folk i form til OL



Bokn I.L. arrangerer OL-marsj søndag den 14. oktober.

Start: Fiskerihavna kl. 1500.

Påmelding ved start og marsjen er gratis.

Medalje kan kjøpes etter fullført marsj og koster kr. 25.-

#### Medalje:

OL-marsjen har egen medalje. Vi starter med blå ring i 1990, og for hvert år kommer det en medalje med ny farge. De som starter senere enn 1990, har muligheten til å sikre seg komplett medaljeserie ved å gå flere OL-marsjer samme år.

\*\*\*\*\*

I N V I T A S J O N

\*\*\*\*\*

Vi håper og tror at du hører til blant de som vil ha spesiell interesse av å se utstillingen

BOLIG FOR ALLE

Det er på tide å gjøre noe med en byggekultur som bærer preg av at vi bygger våre boliger når vi fysisk er på topp: Boliger som vi skulle leve i hele livet, men som krever at vi må flytte på sykehjem når vår funksjonsevne svikter. Det er noe galt når boligen stiller så strenge krav til vår funksjonsevne. Vi burde isteden stille krav til våre boliger når de bygges.

Bolig for alle har som formål å øke offentlighetens, byggebransjens og publikums bevissthet for bygging av livsløpsboliger og tilrettelegging av boliger for funksjonshemmede. Dette gjelder såvel nybygg som utbedringer og utvidelser. Vi tar sikte på å presentere livsløpsboliger som et uttrykk for kvalitet som for eksempel også småbarnsfamilier kan ha stor glede av.

UTSTILLINGEN VISES I

Allrommet, Boknatun

TIRSDAG 30. OKT. kl. 10-13.30

ONSDAG 31. OKT. kl. 16-19

TORSDAG 1. NOV. kl. 10-13.30

Vi ønsker deg spesielt velkommen!

Med vennlig hilsen,  
for Rådgivingsgruppa i boligsaker for funksjonshemmede og eldre i Rogaland,

*Aud Søliland*

Aud Søliland  
Hjelpemiddelsentralen i Rogaland  
Peder Klowsgt. 27  
4005 STAVANGER

TLF.: 56 79 00

L I V S L Ø P S B O L I G

- boformen du velger for <sup>hele</sup> livet



# ELSE NILSSEN

INNFLYTTAR - MEN BOKNAR

Else Nilssen kom til Bokn hausten 1969. 1.september tok ho til i stillinga som jordmor og heimesjukepleiar i Bokn kommune. Den tida var ho heilt åleine om jobben i kommunen, og hadde dermed ingen avtale om arbeidstid. Det var å vera disponibel omtrent heile døgnet kvardag som helg. Sjølv om Else tykte arbeidet var interessant, seier ho at det nok kunne vera vanskeleg å kopla ut dersom ho var bortreist av og til. Litt dårleg samvit kunne ho ha då, og tenkte på at det kunne vera nokon som trengte hjelp.

Ei stor endring og betre forhold vart det då Marie Løvoll Faye vart tilsett i heimesjukepleien, og seinare Eva Brunborg Svendsen. Då vart det meir ordna arbeidsforhold enn tidlegare, med fast arbeidstid og fritid.

Etter at Bokn sjukestove vart åpna i 1987, vart det på ny ei endring til det betre m.h.t. arbeidsforholda. Men ikkje minst var det ei stor betring for dei eldre i kommunen, som nå ikkje lenger treng å reisa ut av kommunen dersom dei treng ein institusjonsplass.

Else Nilssen er opprinneleg frå Fredrikshavn i Danmark. Etter sjukepleiarutdanning var ho i fleire periodar i Norge. Ved Molde sjukehus, ved Ullevål, og ved Stokmarknes sjukehus.

Det var i Vesterålen ho traff mannen sin. Etter ei tid i Norge tok ho jordmorutdanning i Oslo i 1957/58. Ho hadde då to barn.

Else arbeidde på Hennes i Hadsel kommune som ligg i Vesterålen. Her hadde ho arbeid som jordmor og sjukepleiar, og eit stort distrikt. Etter 10 år i den stillinga bar det til Bokn til nytt arbeid.

Else fortel at ho synes ho har hatt eit privilegert arbeid. Når folk sender bod på sjukepleiaren, veit ein at det er eit behov for hjelp. Dette at ein kjem så mykje ut blant folk gjer at det er lett å bli kjend med folk.

Dramatiske situasjonar har det av og til vore. Else har tatt imot 3 barn i båt på veg til fastlandet, og 1 i privat heim. Ho seier at det er betre nå når det er så kort veg over Boknasundet til fastlandet, og betre blir det frå årsskiftet når også Vestre Bokn er fastland. Det føles tryggare når ein kan kjøra heilt fram til sjukehuset uansett vær, og vera framme på ein god halvtime.

Ved å vera aktiv i Røde Kors si besøksteneste vil ho framleis halda kontakten med dei eldre i kommunen.

## BOKN BYGDEBLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune  
4290 Føresvik  
Tlf. 04-748500  
Postgirokonto nr. 5 68 45 01  
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

### BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### REDAKTØR:

Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300  
Halv side: kr. 150  
1/4 side: kr. 75  
1/8 side: kr. 50  
Små privatannonsar: kr. 10,-.

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.  
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

## ARR. I OKTOBER:

Den Indre Sjømannsmisjonen har basar på Kyrkjebygd skule onsdag den 3.oktober kl.19.30.

5. okt. har Bokn Pensjonistforening møte.

13. okt. er det den årlege auksjonen på Bokn skule til inntekt for Bokn skulekorps.

14. okt. Bingo! Arr: Idrettsl.

19. okt. Basar på Bokn bedehus (Austre Bokn). kl.19.30.

20. okt. Dans. Arr: Idrettslaget.

21. okt: Sundagsskule i Kyrkjebygda.



## FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 8. oktober. Påmelding til sosialkontoret tlf. 74 85 00.

## Frå legekantoret:

Tirsdag den 2. oktober vert det ikkje lege ved legekantoret.

Dei som skal ha influensavaksine kan venda seg til legekantoret. Prisen er kr. 50,- for vaksinen.

EN HIMMEL FULL AV STJERNER

**Redd Barnas**  
**TV-aksjon**  
4 november 1990

Over 100 000 aktive deltakarar frå heile landet skal vere med og vise at  
**DET NYTTAR**